



Møteprotokoll

Oppvekst- og kulturutvalg

Møtested:	Formannskapssalen 3. etg. Rådhuset
Møtedato:	16.10.2012
Tidspunkt:	08:00 - 11:50

Til behandling: Saksliste nr. 054/12 - 060/12

Medlemmer:

- H - Jonny Almenning (Leder)
- AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)
- FRP - Kåre Eide (Medlem)
- H - Anett Berg (Medlem)

Varamedlemmer:

- KRF - Olav Gjesdal (Varamedlem)
- V - Vegard Åstebøl Larssen (Varamedlem)
- SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)

Forfall:

- SP - Terje Kolseth (Medlem)
- KRF - Marianne K. Pleym Refvik (Medlem)
- V - Selma Strand Larsen (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 4. Totalt frammøtte: 7

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Tone Holvik og rådgiver skole/barnehage Line Dalelv.

I tillegg møtte ordfører Morten A. Hagen.

Repr. Vegard Åstebøl Larssen ankom møtet kl 08.15 og repr. Kåre Eide ankom kl 08.50 under **drøftingssak 059/12**.

Repr. Marit Nore Sørhaug hadde bedt om permisjon og gikk kl 11.10 før behandling av **sak 056/12 Økonomimelding II 2012 Vågsøy kommune**.

Måløy, 16.10.2012

Tone Holvik
kommunalsjef

Irene Sivertsen
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
054/12	Godkjenning av møteprotokoll	
055/12	Referatsaker / Orienteringssaker	
056/12	Økonomimelding II 2012 Vågsøy kommune	
057/12	Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene - Valg av kommunen sine representanter 2011 - 2015	
058/12	Bibliotek og kulturskule - innhald og plassering	
059/12	Drøftingssak	
060/12	Søknad om å fortsetje på *** skule	Unntatt offentlighet



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	054/12

Endelig vedtak i:
Oppvekst- og kulturutvalg

Arkivsaknr.:
12/1515

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Enstemmig godkjent.

OK-054/12

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 25.09.2012 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	055/12

Endelig vedtak i:
Oppvekst- og kulturutvalg

Arkivsaknr.:
12/1514

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Referatsaker / Orienteringssaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Ref. sak 1: Aktuelle tilsynsystema på barnehage- og opplæringsområdet 2013

Vågsøy kommune har meldt tilbake til Fylkesmannen at det ønskes tilsyn på tilpassa opplæring, spesialundervisning og underveisvurdering for skole. Når det gjelder barnehage ønskes det tilsyn på tilbudet kommunene gir i forhold til formålsparagrafen og spesialpedagogisk hjelp. Fylkesmannen vil komme til kommunen og ha tilsyn på noen av våre systemer. Kommunen får rapport i ettertid om utfallet.

Ref. sak 5: Status område

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte Oppvekst- og kulturutvalget om statusen i de forskjellige barnehagene og skolene.

Leder i utvalget Jonny Almenning har tidligere ytret ønske om infobrev i fra skolesektoren. Administrasjonen jobber med dette.

Andre spørsmål som ble stilt til referatsakene ble besvart av kommunalsjef Tone Holvik og foranlediget ikke merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig tatt til etterretning med unntak av de ovenstående merknader.

OK-055/12

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/10572	I 26.09.2012	Fylkesmannen i Sogn	Aktuelle tilsynsystema på

				og Fjordane	barnehage- og opplæringsområdet 2013 OECDs internasjonale lærar- og skoleleiarundersøking (TALIS 2013)
2	12/10505	I	11.09.2012	Utdanningsdirektorat et Anne Marie Solheim; Barbro Longva; Benjamin Osborn; Erik Falkevik;	
3	12/10678	U	30.09.2012	Helge Hansen; Møyfrid Solheim; Jonny Almenning; Laila Hageland; Randi Oldeide	Møtebok for SU & SMU Skavøypoll skule 26.09.2012
4	12/10452	I	21.09.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Lokale kulturminneplanar, utviklingsnett Status område v/kommunalsjef
5					



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	15.10.2012	043/12
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	056/12
Formannskap	17.10.2012	059/12
Kommunestyre	31.10.2012	

Endelig vedtak i:
Kommunestyret

Arkivsaknr.:
12/1414

Saksansvarlig:
Norvall Bakke

Økonomimelding II 2012 Vågsøy kommune

Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2012

15.10.2012 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte om Økonomimelding II 2012 og svarte på spørsmål etter hvert under orienteringen.

Leder i Helse- og omsorgsutvalget Nils Myklebust og FrP v/repr. Lars Kjølen hadde spørsmål vedr. varme i bassenget. Konst. kommunalsjef Jensen informerte at saken er drøftet i administrasjonen og det vil bli varme i bassenget i år.

SV v/repr. Herdis Holvik fremmet følgende endringsforslag:

"Helse- og omsorgsutvalet godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2012 for områda PRO, Velferd og NAV Vågsøy."

Votering

Enstemmig vedtatt.

HS-043/12

Vedtak:

Helse- og omsorgsutvalet godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2012 for områda PRO, Velferd og NAV Vågsøy.

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål etter hvert under orienteringen. Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte. Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Enstemmig vedtatt.

OK-056/12

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2012.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

[LOV-1992-09-25-107](#) Kommuneloven – kompl. Lov om kommuner og fylkeskommuner

- [2000.12.15 nr 1423](#): (KRD) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1424](#): (KRD) Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1425](#): (KRD) Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner

31.05.2011: Økonomireglement for Vågsøy kommune

31.05.2011: Finansreglement for Vågsøy kommune

Bakgrunn for saken

I henhold til kommunens økonomireglement rapporteres det pr 2. tertial i budsjettåret 2012.

Saksopplysninger / fakta

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding II 2012 med vedlegg.

Vurdering / konsekvenser

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding II 2012 med vedlegg.

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding II 2012

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
97749	Økonomimelding II 2012 - Vågsøy kommune (20121006).pdf
97750	Vedlegg 1 ØKM II 2012 Investeringer (20121006).pdf
97751	Vedlegg 2 ØKM II 2012 Vågsøy sokneråd.pdf
98148	Status låneportefølje september 2012.pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
26	I	01.10.2012	Vågsøy sokneråd	Vågsøy sokneråd investeringsrapport 2. tertial 2012
27	I	04.10.2012	Vågsøy sokneråd	Vågsøy sokneråd driftsrapport 2. tertial 2012



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	057/12

Endelig vedtak i:
Oppvekst- og kulturutvalg

Arkivsaknr.:
11/1785

Saksansvarlig:
Linda Alice Myhre Larsen

Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene - Valg av kommunen sine representanter 2011 - 2015

Rådmannens innstilling

Oppvekst- og kulturvalget oppnevner følgende representanter i Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene 2011-2015:

Barnehage:	Representant:	Pers.varamann:
Fjordly barnehage Trollskogen barnehage Skarevik barnehage		

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte. Det ble foreslått følgende:

Barnehage:	Representant:	Pers.varamann:
Fjordly barnehage Trollskogen barnehage Skarevik barnehage	Olav Gjesdal Anett Berg Frode Kuppen	Marit Nore Sørhaug Vegard Åstebøl Larssen Kåre Eide

Votering

Enstemmig vedtatt.

OK-057/12

Vedtak:

Oppvekst- og kulturvalget oppnevner følgende representanter i Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene 2011-2015:

Barnehage:	Representant:	Pers.varamann:
Fjordly barnehage	Olav Gjesdal	Marit Nore Sørhaug

Saksopplysninger / fakta

Oppvekst- og kulturutvalget skal velge representanter med personlige varamenn til Samarbeidsutvalgene i Fjordly, Trollskogen og Skarevik barnehager.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	07.12.2011	Terje Kolseth; Iren Hammersvik; Rune Henden; Erlend Hagen; Kjell-Bjørn Refvik; Yolima Ramsevik	Samarbeidsutvalgene i barnehagene - Valg av kommunen sine representanter 2011-2015



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	058/12

Endeleg vedtak i:
Oppvekst og kulturutvalet

Arkivsaknr.:
12/1325

Saksansvarleg:
Odd Gunnar Myhre

Bibliotek og kulturskule - innhald og plassering

Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet ber rådmannen setje i gang arbeid med å lage plan for bibliotek og kulturskule.

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre, kommunalsjef Tone Holvik og økonomisjef Norvall Bakke orienterte.

Leder i utvalget Jonny Almenning mente det var 3 punkt man må se på fremover; økonomisk konsekvens, organisering og lokalisering.

Ordfører Morten A. Hagen oppfordret utvalget med å få gitt tilstrekkelig informasjon ut i partigruppene slik at alt ligger til rette den dagen saken kommer opp i Kommunestyre.

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte. Utvalget ønsker å bli informert om planarbeidet underveis.

Votering

Enstemmig vedtatt.

OK-058/12

Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet ber rådmannen setje i gang arbeid med å lage plan for bibliotek og kulturskule.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

Kommunalplan 2002 -2014.

Kommunal plan for kulturbygg, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2011-2014

Kulturlova – lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd

Lov om Folkebibliotek

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014

Bakgrunn for saka

Biblioteket og kulturskulen er plassert i Heradsheim i lokale som ikkje er eigna for aktiviteten. Bygget er verken bygd for bibliotek eller kulturskule og Heradsheim er ikkje universelt utforma. I tillegg gjev vedtaket om at Heradsheim skal kunne brukast til museum ei utfordring med tanke på utvikling av bibliotek og kulturskule i Heradsheim. Vi må og ta stilling til kva innhald og funksjon kulturskulen og biblioteket skal ha i Vågsøy.

Saksopplysningar / fakta

Vågsøy Folkebibliotek vart flytta frå "Brannstasjonen" til lokale i 1. etasje i "YFK-bygget" på Sæternes i årsskiftet 1983/84. I 1999 vart biblioteket flytta til lokala hos Brunsviks efft, før det vart "midlertidig" flytta til Heradsheim. I samband med bygginga av nytt rådhus vart det drøfta å gjere plass til biblioteket der. I lokala på Sæterneset og i Brunsvikbygget hadde vi plass til sittegrupper, leseplassar, ei god barn og ungdomsavdeling, vi hadde også gode og oversiktlige magasin. Biblioteket fungerte då meir som ein møteplass og ikkje bare ein stad å låne bøker.

Folkebiblioteket i Vågsøy har sin hovudfilial i 1. etasje på Heradsheim, i tillegg leiger vi lokale til ein filial på Bryggja. Tidlegare hadde vi og eit tilbod på Raudeberg. Filialen på Raudeberg vart lagt ned i 2005. Heradsheim er ikkje bygd for å fungere som bibliotek. Det er trangt mellom hyllene og vi må fjerne gode bøker for å få plass til nye. Vi har svært dårleg magasinplass. Magasinet er fuktig og dermed skadeleg for bøkene. Vi har teke i bruk delar av 2. etasje, men det er utfordrande å få dette til å fungere på grunn av mange små rom og manglande heis i bygget. Ei anna utfordring er å halde oversikt i 2 etasje når det berre er ein person på arbeid. Det er dårlege arbeidsforhold for dei tilsette med tanke på at det ikkje er skikkeleg ventilasjon i bygget og at det ikkje er ei eiga personalavdeling. I dei romma som fungerer som magasin er det fuktig, mørkt, trangt og uoversiktleg. Vi har ein avfuktar ståande på heile året, denne må tømast dagleg. Bøker er stabla heilt frå golv til tak og ein må enkelte stadar "klatre" for å få tak i dei. Dette kan føre til farlege situasjonar.

På biblioteket kan vi i tillegg til utlån av bøker tilby ei datamaskin med tilgong til internett for publikum, vi har to stolar i "sittekroken". Barneavdelinga har plass til 3-4 personar. I tillegg til bøker har vi tidsskrifter, nokre lydbøker og filmar. Vi har etablert ei lita lokalsamling med slektsbase og mikrofيلمlesar i 2. etasje. Vi har og gjort eit forsøk på å lage ei lita ungdomsavdeling der.

Biblioteket ligg sentralt til og det er busstopp rett ved biblioteket.

Vågsøy kommune brukar 1,9 % av kommunens totale netto driftsutgifter på kultur.

Kommunegruppe 11 som vi skal samanlikne oss med brukar 3,4%. Snittet i Sogn og Fjordane ligg på 3,3%. Vi brukar 131 kroner pr innbyggjar på bibliotek medan kommunegruppe 11 brukar 266 kroner og snittet i fylket er på heile 318 kroner

Biblioteket er opent 20 timar i veka. Filialen på Bryggja har opent kvar torsdag i skuleåret. Det er 1,3 årsverk knytt til bibliotekdrifta i Vågsøy. Til samanlikning har Eid 2,85 årsverk og Gloppen 3,5 årsverk. Dei har opent 36 timar og 37 timar i veka. Biblioteket har lite besøk og låge tal for utlån samanlikna med desse og dei aller fleste bibliotek i fylket.

Bokbåten er eit fylkeskommunalt tilbod som vi nyttar oss av. Den har 2 anløp på Husevåg i året. Det har tidlegare og vore stopp på Almenningen, Vågsvåg og Silda. Anløpa på Silda vart i samråd med bygdelaget avvikla i 2011 på grunn av lite besøk.

Biblioteket har i dag ikkje tenelege lokal for publikum eller personale. Det er lite plass til utvikling av nye tilbod.

Formålsparagrafen i folkebiblioteklova § 1 seier at "Folkebiblioteket skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent".

I Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011- 2014 som vart vedteken på fylkestinget i desember 2010 vert det peika på at mange av folkebiblioteka i fylket treng eit løft både på innhald, kvalitet og kompetanse. At folkebiblioteket skal vere ein møtestad, kultur- og læringsarena i lokalsamfunnet er sentralt i dette dokumentet

Vågsøy kommunale kulturskole vart starta i 1993. Skulen har sidan oppstart hatt hovudbase i Heradsheim og er no lokalisert i 3. etasje. Før rektor vart tilsett hadde ein allereie tildelt elevar skuleplass og undersøkt med foreldre kva undervisningsform dei ville ha. Ut frå dette vart det tilsett rektor og undervisningspersonell til skulen. Dette påverkar endå måten kulturskolen vert driven på i forhold til tilbod vi kan tilby og korleis ein underviser. Undervisningstilbodet ved kulturskolen har vore nokså uendra sidan skulen starta, unntaket var då vi starta opp formingsavdelinga i 1999 og ein kort periode (2009-2010) då skulen hadde musikkbarnehage.

Vi har i underkant av 3 årsverk fordelt på 4 tilsette som underviser 150 elevar. Eid kommune har i overkant av 5 årsverk fordelt på 8 tilsette og underviser 240 elevar. I Gloppen har dei nesten 12 årsverk fordelt på 16 tilsette som til saman underviser 380 elevar.

Kulturskulen i Vågsøy underviser i tangent, gitar, song i tillegg til aspirantundervisning og forming. Kulturskuletilbodet er i utgangspunktet opent for alle, men i praksis gir ein mest mulig tilbod til elevar i skulealder. Ved inntak til skuleåret 2011/2012 er det 8 born på venteliste. I Eid og Gloppen ligg ventelistene på om lag 125 born.

Lokala i 3 etasje i Heradsheim er dårlig egna som kulturskule, romma er små og ikkje tilrettelagt i forhold til dei oppgåvene som skulen skal utføre. I tillegg til dei økonomiske rammene på kultur gjer bygget det utfordrande å utvide med nye aktivitetar som til dømes musikkarbeid i grupper.

Tal frå Kostra viser oss at vi på kulturskuletilbodet brukar 225 kr pr innbyggjar medan kommunegruppe 11 brukar 318 kroner, snittet i fylket er 349 kroner. Kostratal syner vidare at 11% av elevane våre i grunnskulealder får eit tilbod medan i kommunegruppe 11 får 19% eit tilbod. Snittet i fylket er på 24%. Talet 11% er nok ikkje reelt for Vågsøy då vi ikkje har registrert aspirantane som elevar. Vi hadde tidlegare opp ei sak i Oppvekst og kulturutvalet der det vart vedteke at dei som går på aspirant skal registrerast som elevar. I skuleåret 2011/12 har vi 150 elevar som får eit tilbod og det utgjer 19,6% av elevane i grunnskulealder, slik at vi gjev prosentvis like mange som i kommunegruppe 11 eit tilbod. Dette til tross for at vi brukar betydeleg mindre ressursar. Sogn og fjordane fylkeskommune har eit mål om at 30% av elevane i grunnskulealder skal få eit tilbod frå kulturskulen.

Vurdering / konsekvensar

Folkebibliotek i Vågsøy fungerer som ein stad der ein kan låne bøker, det fungerer ikkje som ein møtestad. Det er avgrensa moglegheit for å bruke biblioteket til andre formål. Heradsheim er ikkje egna som bibliotek. Bygget er ikkje universelt utforma og lokala er ikkje tilpassa bruken. Magasinet er øydeleggjande for bøkene på grunn av fukt. Dersom vi skal få gjort noko med biblioteket i Heradsheim krev det ei total ombygging av huset innvendig og eventuelt eit tilbygg. Kommunen disponerar areal på nordsida av Heradsheim.

Vi har ein kulturskule som er nokså bunden i gamle undervisningsformer. Kommunen er pålagt å ha tilbodet, men det er ingen som har plikt til å ta imot tilbodet. Dersom denne "stagnerte" situasjonen vedvarer kan vi risikere å sitte igjen med eit tilbod som alt for få er villige til å nytte seg av. Vi har ynskje om å utvide kulturskuletilbodet med tii dømes undervisning i strykeinstrument, slagverk, band og drama.

Lokalet er lite innbydende og ingen av romma eignar seg til formålet. Vi har mellom anna ei med formingsavdeling med dårleg lys og utan ventilasjon. Vi har rom for øving som ikkje er lydisolerte og som er for små til å undervise grupper i.

Arbeidsmiljøet for dei tilsette i kulturskulen og på biblioteket er prega av uvisse om kva som skjer med Heradsheim jmf. vedtaket om Måløyraidsenter. Så lenge det ligg føre eit slikt vedtak er det vanskeleg å få gjennomført investeringar på kulturskule og bibliotek.

Det er trong for å sjå på kva tilbod Vågsøy kommune skal ha innan bibliotek og kulturskule. Vi må finne ei høveleg plassering og sjå på ev. samlokalisering med andre kulturtilbod.

Det er ei utfordring at vi i dag ikkje har kulturbygg som er bygd til formålet. Det er og ei utfordring at kulturtilboda er spreidde på fleire bygg og på begge sider av brua.

For å få gode tilbod er vi avhengig av gode og tilrettelagde bygg. Det er viktig med samlokalisering for å skape gode arenaer for samarbeid og utvikling. Samlokalisering kan og føre til lågare driftsutgifter.

På bakgrunn av saksopplysingane vil rådmannen rå oppvekst- og kulturutvalet til å setje i gang arbeid med ei plan for tenestene som ser på innhald og alternativ plassering av biblioteket og innhald/organisering og alternativ plassering av kulturskulen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	059/12

Endelig vedtak i:
Oppvekst- og kulturutvalg

Arkivsaknr.:
12/1541

Saksansvarlig:
Irene Sivertsen

Drøftingssak

16.10.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte om bakgrunnen for det felles vurderingsarbeidet i skolene. Dette arbeidet startet i 2010.

Rådgiver skole/barnehage Line Dalelv la frem en vurdering av arbeidet som er utført frem til nå.

Tjenestelederne Kåre Bakke v/ Vågsøy ungdomsskole, Geir Nygård v/ Skavøypoll skole, Rolf Holme v/ Raudeberg skole, Viviann Midtbø v/ Bryggja skole, Stephan Lexau v/ Skram skole og Gro Holm Gjervik v/ Holvik skole informerte Oppvekst- og kulturutvalget om arbeidet som er utført på skolene, situasjonen på skolene per dags dato og hva som er fokuset på skolene fremover.

Deretter var det dialog mellom politikerne og tjenestelederne ved de ulike skolene.

Votering

Ingen votering.

OK-059/12

Vedtak:

Ingen vedtak.

Skriv inn drøftinger her

1. Dialogmøte mellom administrasjonen og rektorene vedr. vurderingsarbeid i skolene.



Vågsøy kommune

Sakspapir

Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13

SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	16.10.2012	060/12

Endeleg vedtak i:
Oppvekst og kultur

Arkivsaknr.:
12/1533

Saksansvarleg:
Line Karin Dalelv

Søknad om å fortsetje på * skule**

Unntatt offentlighet, jamfør Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13.